



Innst. 20 L

(2016–2017)

Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 137 L (2015–2016)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i bustøtteleva (bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv)

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreslår i proposisjonen ei endring i bustøtteleva som utvidar tilgangen til å gje bustøtte på individuelt grunnlag til flyktningar og andre vanskelegstilte som bur i bukollektiv.

Ved å utvide moglegheita for å gje bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv kan ein busetje flyktningar og andre som treng ein bustad, raskt. Bruk av bukollektiv kan også bidra til at den enkelte får lågare buutgifter og dermed blir raskare sjølvhjelpen med eiga inntekt. Forslaget vil gje kommunane eit større handlingsrom til å utnytte bustadmassen og den private bustadmarknaden når dei skal busetje flyktningar og andre vanskelegstilte.

Forslaget er varsla i integreringsmeldinga (Meld. St. 30 (2015–2016)) og følgjer også opp Stortingets oppmodingsvedtak nr. 800 (2014–2015).

1.2 Litt om bustøtteordninga og gjeldande rett

Bustøtta er eit fundament i den bustadsosiale politikken og er det mest sentrale verkemiddelet staten har på dette området. Tildelinga er behovsprøvd. Bustøtta er direkte retta inn mot dokumenterte buutgifter og skil seg slik sett frå inntektssikringsordningar som trygd og sosialhjelp.

Dersom vilkåra som er knytte til person og bustad er oppfylte, er det forholdet mellom buutgiftene og inntekta som avgjer om det blir tildelt støtte, og i så fall kor mykje. Retten til støtte er i stor grad inntektsavhengig. Det har også noko å seie kor mange personar det er i husstanden, og kva kommune husstanden høyrer til.

Kommunane er førstelinje i sakshandsaminga, men det er Husbanken som gjer vedtak. Bustøtte blir rekna ut og vedteke for ein månad om gongen. Klagenemnda for Husbanken handsamar klager på vedtaka.

I dagens bustøtteregelverk er «husstand» eit sentralt begrep. Dersom vilkåra i unntaksføresegna i bustøtteleva § 5 andre ledd er oppfylte, vil ein kunne rekne kvart enkelt rom som ein bustad, slik at kvar person blir rekna som éin husstand. Dermed får også personane rekna ut bustøtte enkeltvis, det vil seie utan at inntekta til dei andre i bukollektivet blir rekna med.

1.3 Høyringa

I høyringsutkastet blei det føreslått å utvide tilgangen til å gje bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv ved å erstatte kravet om kommunal tildelingsrett i bustøtteleva § 5 andre ledd med eit meir lempeleg krav om kommunal godkjenningssrett. Samtidig blei det føreslått enkelte språklege forenklingar av lovteksten i bustøtteleva § 5. Høyringsinstansane støttar forslaget. Nokre av dei har kommentarar slik det går fram i punkt 5 og 6.3 i proposisjonen.

1.4 Vurderingar frå departementet

Departementet meiner at unntaksregelen i § 5 andre ledd er for snevert formulert når det er eit vilkår for å få bustøtte på individuelt grunnlag i eit bukollektiv, at kommunen har tildelingsrett til bustaden.

Vilkåret om kommunal tildeling er utforma slik at flyktningar og andre som på eige initiativ skaffar seg bustad i eit rom i eit bukollektiv, ikkje kan få bustøtte. Dagens regel er også utydeleg formulert og fører til ulik praksis i kommunane.

Eit krav om kommunal godkjenning vil gjere det mogleg for flyktningar og andre som ønskjer å dele bustad med andre, å få bustøtte. Med ein slik ordlyd vil ikkje bustøtte til bukollektiv lenger vere avgrensa til bustader kommunen allereie disponerer. Departementet legg til grunn at godkjenninga frå kommunen må ha ei helse- eller sosialfagleg grunngeving.

For å opne for at personar som bur i eit bukollektiv med ei helse- eller sosialfagleg grunngeving, kan få bustøtte på individuelt grunnlag, foreslår departementet nokre endringar i dagens § 5. Departementet meiner at lovteksten tydelegare enn i dag må vise at også bustader som er del av eit bukollektiv, må gje høve til kvile og ha tilgang til kjøkken. For å gjere det tydeleg at ein kan gjere unntak frå kravet til eige bad, toalett og tilgang til kjøkken så lenge desse fasilitetane er tilgjengelege i bukollektivet, men ikkje frå kravet om at det må vere mogleg å kvile på eige rom, foreslår departementet at kravet om høve til kvile blir skilt ut i ein eigen bokstav d i § 5 første ledd.

Kommunen bør ha ei viss aktivitetsplikt. Bustøtt- esøkjaren kan sjølv finne ein bustad, men kommunen skal godkjenne bustaden.

1.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet forventar at kommunane i større grad vil nytte bukollektiv til å busetje vanskelegstilte dersom bustøtta blir utvida i tråd med lovforslaget. Det er knytt stor uvisse til dei økonomiske konsekvensane av lovforslaget, men det er grunn til å tru at det samla sett vil gje ei innsparing for samfunnet. Det er vidare grunn til å tru at endringa vil gje raskare overføring frå mottak til busetjing i kommunen. UDI har opplyst at det kostar om lag 152 000 kroner for ein vanleg asylmottaksplass i løpet av eit år. Kostnaden til utbetalt bustøtte til ein person i bukollektiv er rekna til 25 000 kroner per år.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen og Eirin Sund, fra Høyre, Frank J. Jenssen, Mudassar Kapur, Bjørn Lødemel og Ingjerd Schou, fra Fremskrittspartiet, Mazyar Keshvari og lederen Helge André Njåstad, fra Kristelig Folkeparti, Geir Sigbjørn Toskedal, fra Senterpartiet, Heidi Greni, fra Ven-

stre, Iren Opdahl, og fra Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, viser til Prop. 137 L (2015–2016) om endringar i bustøttelova (bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv).

Komiteen viser til at formålet med bustøtten er «å sikre personer med lave inntekter og høye boutgifter en egnet bolig». Bustøtten er et fundament i den boligsosiale politikken og er det mest sentrale virkemiddelet staten har på dette området.

Komiteen viser til at bustøtte er et av de viktigste virkemidlene for å sikre botilbud til flyktninger og andre vanskeligstilte. En god og fleksibel ordning for bustøtte er nødvendig for at flere skal få det tilbudet de trenger, slik at flere kan få et egnet sted å bo.

Komiteen viser til at det i et integreringsperspektiv er viktig å legge til rette for tiltak som bidrar til raskere bosetting av flyktninger.

Komiteen merker seg at proposisjonen er en oppfølging av anmodningsvedtak nr. 800 (2014–2015), som ble gitt i forbindelse med behandlingen av representantforslaget Dokument 8:135 S (2014–2015). Anmodningsvedtaket lyder slik:

«Stortinget ber regjeringen om å foreta en utredning av om bustøtteordningen bør gjøres gjeldende for personer bosatt i bokollektiver.»

Komiteen mener at bokollektiv kan for mange være et godt botilbud som både gir rimelige boutgifter og et godt bofelleskap. Komiteen viser til at mange kommuner ønsker å benytte denne boformen både for flyktninger og andre vanskeligstilte.

Komiteen viser til at i henhold til dagens regler er personer som bor i private bokollektiv utelukket fra bustøtteordningen, selv om de ellers fyller vilkårene for støtte. Lovforslaget innebærer at personer som bor i bokollektiv som er godkjent av kommunen, også kan få bustøtte. Komiteen mener derfor at bustøtten blir mer fleksibel med dette lovforslaget. Dette legger til rette for at flere flyktninger og andre vanskeligstilte kan få tilbud om et godt hjem til en rimelig pris. Forslaget legger også til rette for bedre integrering og at flere kan bli selvhjulpne.

Komiteens medlem fra Senterpartiet viser til at Senterpartiet i sitt alternative budsjett for 2016 økte Husbankens rammer med 7 mrd. kroner, og bustøtten, herunder bustøtte i bofelleskap, med 150 mill. kroner.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti påpeker at bustøtten i dag gis til færre og ikke flere, noe som er stikk i strid med intensjonene og boligprisutviklingen. Dette må snus. Dette medlem viser til merknader og forslag fra Sosialistisk Venstreparti under tidligere budsjettbehandlinger om behov for å sikre systematisk oppregulering

av inntektsgrensene og at boutgiftstaket blir økt slik at de dekker de faktiske boutgiftene.

3. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak til lov

om endringar i bustøtteleva (bustøtte til enkeltpersonar i bukollektiv)

I

I lov 24. august 2012 nr. 64 om bustøtte skal § 5 lyde:

§ 5 *Krav til bustaden*

Vilkår for å få rett til bustøtte er at bustaden

- a) er godkjend som bustad
- b) er ein sjølvstendig bustad med eigen inngang
- c) har eige bad og toalett og gjev høve til matlaging, og
- d) gjev høve til kvile.

Personar som av helse- eller sosialfaglege årsaker bur i eit bufellesskap utan å høyre til same husstand, kan få bustøtte på individuelt grunnlag dersom kommunen godkjenner at bustaden er eigna. Kommunen kan i vurderinga av om bustaden er eigna gjere unntak frå kvalitetskravet i første ledd bokstav b. Kommunen kan også gjere unntak frå krava i bokstav c dersom funksjonane som er nemnde der, er del av bufellesskapet elles.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 5. oktober 2016

Helge André Njåstad

leder

Mudassar Kapur

ordfører

